


Høyring av tillegggsanalyse 6. januar

9. februar 2026



Tussa IKT er den minste aktøren som er foreslått regulert

Tussa IKT er den minste aktøren som er foreslått regulert og sørlege del av Sunnmøre er det minste marknadsområdet som er foreslått regulert.

Vi opplever marknadsinndelinga som tilfeldig. I første runde var Møre og Romsdal éin marknad, men i neste runde så var denne marknaden delt opp i fleire små marknader. Vi ser ikkje kva som er grunnlaget for at dette vart endra undervegs i prosessen.

Hovudutfordringa med opning av nettet er at dei store nasjonale aktørane vil angripe og at vi vil ha store problem med å forsvare oss. Dei store nasjonale aktørane vil ha ei sterk nasjonal merkevare og eit mykje større apparat knytt til f.eks. marknadsføring og sal. Konsekvensen er at våre marknadsandelar blir redusert og at vår inntening kan bli svekka betydeleg.

Opning av nettet vil vere negativt for oss som selskap. Det vil vere vanskeleg for oss som lokal leverandør, med lokal merkevare og avgrensa ressursar å skaffe oss marknadsandelar i den nasjonale marknaden som kan kompensere for dei tapa vi vil få i eige område.

I tillegg vil vi få betydelege regulatoriske kostnader. Samanlikna med dei store aktørane så vil vi få ein mykje større regulatorisk kostnad pr kunde. Dette vil også redusere vårt økonomiske resultat og dei utbytta vi kan levere til våre kommunale eigarar.

Truleg vil opning av netta tvinge fram samanslåingar for å oppnå ein størrelse som kan sikre ei nødvendig avkastning til eigarane. Dei endra rammevilkåra vil etter kvart gjere det vanskeleg for ein lokal leverandør å overleve. På sikt kan dette føre til sentralisering og at lokale arbeidsplassar går tapt.

I utgangspunktet vil det vere positivt for kundane å få auka konkurranse og valfridom, men på grunn av dårlegare lønsamheit kan det bli vanskelegare å forsvare investeringar knytt til sikkerheit, beredskap og oppgradering av teknologi. Det kan også bli utfordrande å halde oppe like god kundeservice og gjennomføre like rask feilretting som i dag. Alt dette vil kunne slå negativt ut for kundane.

Vi leverer ein samfunnskritisk infrastruktur og vi blir utfordra på å gjere nettet meir robust og sikkert for å kunne levere ei høg oppetid i dei klimautfordringane som vil kome. Når våre økonomiske resultat blir redusert vil det f.eks. bli vanskelegare å bygge meir sikre fiberringar ute i distrikta, få lagt mest mogleg av fibernettet ned i bakken og behalde høg kompetanse lokalt.

Vi har ikkje utnytta vår posisjon

Vi har over lang tid bygd opp vår posisjon på søre Sunnmøre. Vi har gjort ein god og ansvarleg jobb. Vi har ikkje utnytta vår posisjon og har alltid tilbydd konkurransedyktige prisar. Vi har heile vegen hatt hard konkurranse frå Telenor. Vidare har vi gitt god kundeservice, tatt samfunnsansvar og sikra svært god dekning ute i distrikta. Vi har gjennomført årlege omdømmemålingar og kundane har heile vegen vore meget godt fornøgd med oss som leverandør. Det å bli foreslått regulert opplever vi som ei straff for å ha gjort ein god og ansvarleg jobb i vårt område.

Definisjonen av lokal leverandør

Det er lagt opp til at lokale aktører ikkje skal regulerast. Ved sist høyring vart ein lokal leverandør definert som ein leverandør som dekker færre enn 20.000 husstandar. Vi har færre husstandar enn dette og har derfor argumentert for at vi er ein lokal aktør som det ikkje er grunnlag for å regulere. I denne siste høyringa er grensa for lokal leverandør utan vidare endra til 15.000 og vi er no plassert i kategorien regional aktør. Vi opplever det som uryddig og frustrerende at kriteria for høyringane blir endra undervegs i prosessen.

Kost/nytte prinsippet

Vi er trygge på at ei nytte-kostnadsanalyse vil ha konkludert med at dei regulatoriske kostnadene påført Tussa IKT vil overstige nytten av ein evt. regulering. Dette er et brot med proporsjonalitetsprinsippet som er forankra i Grunnlova §113 og i norsk rettspraksis. Vi har fleire gangar bedt Nkom om å gjennomføre ei kost/nytte analyse. Vi er skuffa over at vi ikkje har fått ei slik analyse av Nkom.

Vi opplever oss pressa opp i eit hjørne

Etter at grensa for lokal tilbydar brått vart endra til 15.000 husstandar og at vi no blir definert som ein regional tilbydar, medfører at vi blir tvinga til frivillig opning av nettet.

Sjølv om vi meiner vi har gode argument for at vi ikkje bør bli regulert så har vi ikkje ressursar til å forfølge denne saka vidare. Vi ønsker derfor ein dialog med Nkom om frivillig opning av vårt nett.

Utgangspunkt for den vidare prosessen

Vi har så langt gjennom dei ulike høyringane argumentert for at vi er ein lokal leverandør som det ikkje er grunnlag for å regulere. Vi har derfor jobba lite med korleis vi skal få til ei frivillig opning av nettet. Det er mykje som må på plass. Dette er knytt til integrasjonar, system, tekniske og kommersielle løysingar. Vi har heller ikkje det vi treng av ressursar for å gjennomføre dette arbeidet, så her må vi ut å leite etter nødvendige ressursar og samarbeidspartnarar.

For å sikre rettferdig konkurranse treng vi tilgang til ein uavhengig og nøytral marknadsplass. Vi må no gjere ei grundig kartlegging av aktuelle marknadsplassar og gjennomføre ei strategisk vurdering av kva for ein marknadsplass vi kan ha tillit til. Ut i frå det vi høyrer er det betydelege utfordringar med dei aktuelle marknadsplassane sidan desse enno er under utvikling.

Vi ser at det vil bli ei stor utfordring for ein liten aktør som oss å gjennomføre ei opning av fibernettet.

Med venleg helsing

Ivar Driveklepp

Administrerende direktør, Tussa IKT AS

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.